

Til aksjonærane i Gulen og Masfjorden Utvikling AS

INNKALLING TIL ORDINÆR GENERALFORSAMLING FOR REKNESKAPSÅRET 2017

Det vert med dette kalla inn til ordinær generalforsamling i Gulen og Masfjorden Utvikling AS, org nr; 992 971 118.

Møtet vert halde måndag 30.05. kl 11.00 i selskapet sine lokale, Vidsyn, Sløvågen 2.

Generalforsamlinga vil bli opna av styreleiar Hallvard Oppedal, som vil gå gjennom møtande aksjeeigarar og fullmakter.

Styret føreslår følgjande dagsorden:

1. Val av møteleiar
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Val av representant til å underteikna protokollen saman med møteleiar
4. Presentasjon av selskapet si drift og stilling
5. Godkjenning av styret sitt forslag til årsrekneskap og årsmelding, medrekna disponering av resultat
6. Godkjenning av honorar til selskapet sin revisor
7. Fastsetjing av godtgjersle til styret sine medlemmar
8. Val av styre
9. Fastsetjing av godtgjersle til valnemnda

Ad. sak 5 – Godkjenning av styret sitt forslag til årsrekneskap og årsmelding, medrekna disponering av resultat

Styret sitt forslag til årsrekneskap og årsmelding for 2017 samt revisor si melding er vedlagt. Styret føreslår at negativt årsresultatet - kr 48 380,- vert dekkja av eigenkapital. Styret føreslår at det ikkje vert utdelt utbytte for 2017.

Ad. sak 6 – Godkjenning av honorar til selskapet sin revisor

Honorar til selskapet sin revisor utgjer kr 17.400,- for 2017, der kr 11.400,- er honorar for ordinær revisjon og kr 6.000,- for andre tenester.

Ad. sak 7 - Fastsetjing av godtgjersle til styret sine medlemmar for 2017

Styregodtgjersla for rekneskapsåret 2017 vert føreslått på same nivå som tidlegare år, kr 20.000,- til styreleiar og kr 15.000,- til resten av styremedlemmane. Styrerepresentantane frå Gulen og Masfjorden kommunar avstår frå styrehonorar.

Ad. sak 8 - Val av styre

I høve vedtektene §5 skal selskapet ha eit styre med 3-9 personar som vert valde for eitt år om gongen. I tillegg kan det veljast frå 1 til 3 varamedlemmar. Minst 50% av styremedlemmane skal veljast frå næringslivet i Gulen og Masfjorden kommunar. Generalforsamlinga vel styreleiar og nestleiar.

Då valnemnda ikkje har fått tilbakemelding frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune vedr. representant til nytt styre ved utsending av innkalling, vil valnemnda si innstilling bli sendt ut i ettertid.

Ad. sak 9 – Fastsetjing av godtgjersle til valnemnda

Styret føresler godtgjersle til valnemnda på kr 2000,-.

Innkallinga vil bli sendt til alle aksjonærar til kjent e-postadresse. Av administrative årsaker oppmodar me om at aksjonærar som ønskjer å delta på ordinær generalforsamling sender vedlagt påmelding til selskapet innan 25. mai 2018 kl. 16:00.

Aksjonærar som ikkje har høve til å delta på generalforsamlinga, men som ønskjer å gje fullmakt til avgjersle, vert bedne om å fylla ut og senda vedlagt fullmaktsskjema til selskapet innan same tidspunkt. Fullmakt kan gjevast til styreleiar Hallvard Oppedal eller andre De ynskjer å utpeike som fullmektig.

Påmelding/fullmakt sendast selskapet på e-post; ragnhild@gmu.no

Sløvåg, 15.05.2018

For styret i Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Hallvard Oppedal

Sign

Vedlegg; 1) Påmelding / Fullmaktsskjema
2) Årsrapport 2016
3) Innstilling frå valnemnda.

Vedlegg 1 : Påmelding-/Fullmaktsskjema

**FULLMAKT / PÅMELDING
ORDINÆR GENERALFORSAMLING 30. MAI 2018
Gulen og Masfjorden Utvikling AS**

Dersom De ikkje har høve til å møte på generalforsamling kan fullmakt til stemmegjeving gjevast til styreleiar Hallvard Oppedal, eller andre De måtte ville gje fullmakt til.

Dersom De ønsker å møte på ordinær generalforsamling, ber me venleg om at De sender oss Dykkar påmelding til møtet.

Fullmakt/påmelding sendast til Gulen og Masfjorden Utvikling AS pr e-post: ragnhild@gmu.no slik at den er oss i hende **seinast 23.mai kl 16:00**.

Underteikna aksjeeigar i Gulen og Masfjorden Utvikling AS ønskjer å møta ved ordinær generalforsamling 30.mai 2018

Underteikna aksjeeigar i Gulen og Masfjorden Utvikling AS gjer med dette fullmakt til _____* til å møte og stemme for alle mine aksjar på ordinær generalforsamling 30.05.2018

* Dersom anna ikkje er særskilt stadfesta, skal fullmakta reknast for gjeve til styreleiar, Hallvard Oppedal.

_____ den _____ 2018
(stad og dato)

(underskrift)

(namn med blokkbokstaver)

(tal aksjar)

Fullmakta må daterast og underskrivast.